



Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga

Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 29.03.2017

Vår ref: 2017/859 - 7989/2017 / 233

Dykkar ref:

Att: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Søknad om tilskot til punktutbetring og trygge skulevegar i Stord kommune

Kommunane Stord og Fitjar har eit samarbeid knytta til den såkalla «Stord Vestside pakken». Denne pakken inneholder fleire, viktige tryggingstiltak, og fleire har blitt/ blir gjennomført. Det manglar likevel midlar til å få fullfinansiert og gjennomført alle ynska prosjekt. Dette omfattar m.a eit lenge etterlengta prosjekt i Sagvåg sentrum med rundkøyring i krysset mellom Fv 545, Fitjarvegen og Fv 67, Nysætervegen; den såkalla «snikkarsvingen». Det ligg føre godkjent reguleringsplan.

Tiltaket er eit prioritert tiltak i trafikksikringsplanen til Stord kommune, og er eit tryggingstiltak for alle trafikantgrupper, også i høve trygg skuleveg. Tiltaket er no ferdig prosjektert. Kostnadsoverslaget som ligg føre er kr. 10 mill. Stord og Fitjar er samde om å prioritera dette tiltaket. Det vert difor søkt om kr. 4 mill slik at prosjektet kan gjennomførast i inneverande år. Ytterlegare informasjon om prosjektet kan gjevest av Bernt Herland ved Stord vegstasjon.

Som grunnlag for Fitjar kommune sin støtte til prosjektet, vert det vist til Formannskapet si handsaming av sak PS 21/17 Punktutbetring og trygg skuleveg, i møte den 22.03.2017. Formannskapet i Fitjar fatta slikt vedtak:

«Fitjar kommune søker om støtte til trafikksikring fotgjengarovergang Fitjarstølane – kustgrasbanen i 2017.

Fitjar kommune står Stord kommune sin søknad om tilskot på kr. 4,0 mill. til Snikkarsvingen på Fv 545 i 2017, under føresetnad av støtte frå Stord til vår søknad i 2018. Fitjar kommune søker om kr. 4,0 mill til tryggingstiltak i Fitjar sentrum i 2018.»

Etter samråd med Statens vegvesen ynskjer Stord kommune å medverka til at deira prosjekt med intensivbelysning av gangfelt i Leirvik sentrum / Sæ vert fullført. Det vert i denne omgang søkt om tilskot til 3 stk. tiltak på Fv 544 samt eitt nytt intensivbelyst gangfelt på Fv 68 , Tysevegen.

Vedlagt følgjer 5 søknader om tilskot til punktutbetring i Stord kommune.

Søknad nr. 1 : Rundkøyring i Sagvåg sentrum.

Søknad nr. 2, 3 og 4: Intensivbelysning av eksisterande gangfelt på Fv 544 i Leirvik sentrum / Sæ.

Søknad nr. 5: Nytt intensivbelyst gangfelt på Fv 68, Tysevegen.

Me vonar på positivt svar på våre søknader

Med helsing

Lovise Vestbøstad
Kommunalsjef

Harald Oddvar Sæbø
Fagsjef veg